



**Regionrådet
Nord-Gudbrandsdal**

SKJÅK LOM VÅGÅ SEL DOVRE LESJA

**INTERKOMMUNALT POLITISK RÅD FOR
NORD-GUDBRANDSDAL**

HANLINGSPLAN

2022

Vedteken i Representantskapet for Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal
10.12.21, sak 2021/17

INNHOLD

Satsingsområde 1 – ARBEIDSPLASSAR.....	4
Næringsamarbeid med kommunane (6K Næring)	5
Utdanning og fagopplæring.....	6
Universitetsregion Nord-Gudbrandsdal.....	7
Velferdsteknologi	8
Flaumrespons.....	10
Samarbeid med Gardsgründer	11
Omstillingsprogrammet i Sel.....	12
Gudbrandsdalstinget.....	13
Nærings- og samfunnsmessig interessearbeid	13
Oppfølging av Hurdalsplattforma.....	14
Økonomisk støtte til prioriterte arrangement	16
Satsingsområde 2 – KOMMUNIKASJON OG INFRASTRUKTUR	17
Nasjonal Transportplan 2022-2033	18
Innspel som synleggjer våre prioriteringar til Innlandet fylkeskommune/Fylkesvegprogrammet og mobilitet	19
El-fly og drone.....	20
Breiband – teknologisk infrastruktur.....	21
Satsingsområde 3 – ATTRAKTIVITET	22
Arbeid og bustad	23
Boligtorget Nord-Gudbrandsdal	23
Nettverk for tilflyttaransvarlege	23
Fløtte heimatt.....	23
Stillingsleppet og Lærlingsleppet 2022	23
Prøvebo-konsept med minihus	23
Kjøp av tenester til profilering	24
Ung i Nasjonalparkriket	25
Elevbedriftsmesse.....	25
Kokkekamp	25
"E æ aktiv, æ du?"	25
Tiltak mot RUS	26
Ung Kultur Møtes (UKM).....	26
Generelt	26
Ungdomsmusikalen Nord-Gudbrandsdal	27

Medlemskap i nettverk	28
Fjellnettverket.....	28
Ungt Entreprenørskap.....	28

Satsingsområde 1 – ARBEIDSPLASSAR

Strategiar:

Koordinere næringsutvikling gjennom 6K Næringsråd (eit forum der dei næringsansvarlege i kvar kommune og Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal deltek) og profesjonalisert næringsbistand.

Arbeide for auka verdiskaping i eksisterande og nye nærlinger.

Utvikle og vidareføre prosjektet "Universitetsregion Nord-Gudbrandsdal".

Næringsssamarbeid med kommunane (6K Næring)	
Status	Det er tema innanfor næringsarbeidet som blir foreslått å inngå i eit tettare regionalt samarbeid.
Beskriving	Dei utvalde tema må vera i tråd med den gjeldande strategiske handlingsplan for Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal.
Målsetting	Styrke attraktivetsarbeidet, arbeide opp mot verkemiddelapparat på fylkes- og riksniå og sentrale myndigheiter.
Prioriterte oppgåver	<ul style="list-style-type: none"> • Attraktivetsarbeid - Rekruttering av innbyggjarar og næringsaktørar, inkl. <ul style="list-style-type: none"> - Overordna omdømmebygging og marknadsføring - Stillingsslepp (vidareføring av arbeid som er sett i verk) - Synleggjere næringslokale og areal - Akkvisisjon av bedrifter og gründere - Tilflyttingsapparat • Fyrstelinjeneste bedrifter, inkl. operativ støtte til enkeltbedrifter opp mot verkemiddelapparatet • Arrangement og kurs <ul style="list-style-type: none"> - Arrangement og nettverk på regionsnivå - Arrangement på kommunalt nivå, men som er gjort tilgjengeleg på tvers av kommunar - Ungt Entreprenørskap • Arbeid opp mot verkemiddelapparat på fylkes- og riksniå • Arbeid overfor sentrale myndigheiter i felles nærings- og regionalpolitiske saker • Ad hoc-arbeid og prosjekter
Ressursar	Kommunane Bedrifter Ungt Entreprenørskap
Løyving 2022	Inga løyving

Utdanning og fagopplæring	
Status	Både privat og offentleg sektor i regionen har aukande utfordringar med rekruttering av kvalifisert arbeidskraft. Samstundes har breidda i utdanningstilbodet ved Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule på 2000-talet vorte smalare. Redusert elevtilgang og pressa økonomi i fylkeskommunen vil i åra framover kunne bety ytterlegare reduksjon i utdanningstilbodet.
Beskriving	Rekruttering av lærlingar og fagutdanna medarbeidarar i kommunane og næringslivet er avgjerande for tenesteproduksjon, verdiskaping og arbeidet for å etablere nye arbeidsplassar. Fylkeskommunen, kommunane og næringslivet må sette inn tiltak og tenke nytt og innovativt rundt rekruttering til vidaregåande skule, organiseringa av undervisninga og rekruttering av lærlingar og medarbeidarar.
Målsetting	<ul style="list-style-type: none"> • Styrke rekrutteringa av medarbeidarar til bransjane og tenestene som i dag har rekrutteringsutfordringar • Oppretthalde eksisterande tilbod ved Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule • Etablere nye tilbod og reetablere tidlegare tilbod gjennom fleksibel organisering av undervisning, m.a. i samarbeid med arbeidsgjevarar i offentleg og privat sektor • Informere og motivere skulane til å ta i bruk metoda "Aktiv læring". Aktiv læring er ei metode for læring med ei heilskapleg, pedagogisk tilnærming som bidreg til ein meir variert, praktisk retta og fysisk aktiv skolekvardag.
Prioriterte oppgåver	<ul style="list-style-type: none"> • Systematisere kartlegginga av behovet for nye medarbeidarar • Utvikle fleksible utdannings- og undervisningsmodellar • Forsterke dialogen mellom fylkeskommunen, kommunane, næringslivet og opplæringskontora • Vidareføre arbeidsgruppa for aktiv læring på tvers av skulane og faggrupper, og initiere oppstart av eit utdanningsløp for lærarar i regionen • Arbeide for å auke læreplasser i regionen i privat og offentleg sektor.
Ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • Innlandet fylkeskommune • Kommunane • Skulane • Kompetanseforum Nord-Gudbrandsdal • Opplæringskontora • Organisasjonar og nettverk i det regionale næringslivet
Løyving 2022	Inga løyving

Universitetsregion Nord-Gudbrandsdal

Status	Fylkesutvalet ga i september 2021 tilsegn om 1 mill. i årleg tilskot ut 2023. Saman med eigenfinansieringa frå kommunane er dermed administrasjon og drift av prosjektet finansiert ut prosjektpérioden. Prosjekta Velferdsteknologi og Flaumresponses er organiserte som frittståande delprosjekt med eige prosjektleiing, økonomi og styring frikopla frå Universitetsregion-prosjektet. <i>Prosjektregnskap P275.</i>
Beskriving	Universitetsregion Nord-Gudbrandsdal skal utløyse behovs- og brukardriven innovasjon i kommunale tenester, næringslivet og frivillig sektor. Kommunane skal kople seg sterkare mot forskings-, utdannings- og utviklingsmiljø, lokalt næringslivet, frivillig sektor og verkemiddelapparatet. Offentleg sektor i Nord-Gudbrandsdal har eit stort behov og potensial for meir forskings- og utviklingsarbeid for å vidareutvikle og sikre gode, offentlege tenester i ei framtid karakterisert av endra demografi, auka konkurransen om medarbeidrarar, trongare kommuneøkonomi, digitalisering og grøn omstilling. Meire innovasjonskraft vil kunne utløyse fleire arbeidsplassar i lokalt næringsliv og auke regionen sin attraktivitet som bu- og arbeidsregion.
Målsetting	Det skal arbeidast for å styrke eksisterande verksemder, legge til rette for nye og slik skape fleire arbeidsplassar. Prosjektet skal auke innovasjonstrykket i kommunane og regionen gjennom nyskaping og omstilling basert på oppdatert kunnskap og forsking. I prosjektpérioda skal det byggjast nettverk, strukturar, kompetanse og kultur for nyskaping.
Prioriterte oppgåver	<ul style="list-style-type: none"> • Konsolidere samarbeidet om innovasjon i regionen • Utvikle ein kultur og struktur for kontinuerleg innovasjon med politisk og administrativ forankring og støtte • Identifisere nye område for innovasjon og utvikling • Ta initiativ til delprosjekt og støtte opp under delprosjekt initiert i kommunane • Styrke innovasjons- og metodekompetansen • Stimulere sysselsetting og verdiskaping i lokalt næringsliv • Tiltrekke seg forskings- og utviklingsmidler • Gjennomføre samlingar for å kople kommunane med FoU verkemiddelapparat, næringsliv og privat sektor
Ressursar	NTNU, HINN, SINTEF og andre aktørar innan forsking, utdanning og utvikling <ul style="list-style-type: none"> • Kommunane i regionen • Innlandet fylkeskommune • Private næringsaktørar • Skåppå AS
Løyving 2022	Anna finansiering

Velferdsteknologi	
Status	<p>Prosjektet har eigen prosjektleiar i 100%. Prosjektet er ein del av det "Nasjonale velferdsteknologiprogrammet". Prosjektet er vidareført t.o.m. 2023 av regjeringa. Prosjektet er eksternt finansiert.</p> <p><i>Prosjektregnskap P283</i></p>
Beskriving	<p>Prosjekt «Smart velferdsregion Nord-Gudbrandsdal» skal mobilisere kommunane til å vidareutvikle kompetanse innan digitalisering. Prosjektet skal bidra til å auke kompetansen om digitalisering og smarte samfunn i Nord-Gudbrandsdal gjennom offentleg sektor, næringslivet, akademia og innbyggjarar/frivillige.</p> <p>Det skal også bidra til verdiskaping og sysselsetting der det er mogleg. Denne satsinga vil auke moglegheitene og legge grunnlag for eit innovativt og produktivt samarbeid mellom kommunane. Gode idéar som for den enkelte kommune ikkje vil være mogleg å realisere aleine, vil få eit større miljø å utvikle seg i. Dette er med på å kvalifisere og spisse satsinga, men også bidra med moglegheiter for utprøving, implementering og vidareutvikling der behovet og moglegheitene er størst.</p> <p>Ein har i perioda 2019-2021 arbeidd innanfor området tryggleik og meistring for eldre ved bruk av velferdsteknologi. Regjeringa har vedteke ei vidareføring av Nasjonalt velferdsteknologiprogram i perioden 2022 til 2024.</p> <p>Målgruppa i denne perioden er barn, unge og vaksne med medfødt/tidleg erverva funksjonsnedsettingar og digital heimeoppfølging. Med aukande tal eldre og ei knappheit på helse- og omsorgspersonell er velferdsteknologi eit viktig tiltak.</p>
Målsetting	<p>Det overordna målet er auka kvalitet i tenesta, auka meistring, sjølvstendigheit og livskvalitet for innbyggjarane/brukarane og meir effektive helse- og omsorgstenester og auka berekraft.</p> <p>Innbyggjarane i Nord-Gudbrandsdalen skal uavhengig av alder, funksjonsnedsetting eller bustad, motta etablerte velferdsteknologitenester der tiltaket er vurdert til å bidra til auka sjølvstendigheit, meistring og tryggleik. Sikre at ein får etablert helseteknologiordning som støtter innføring av ny teknologi i helsetenestene. Dette ved å arbeide vidare med Nasjonalt velferdsteknologiprogram slik at vi får eit kompetanselyft for velferdsteknologi i våre kommunar og i regionen.</p> <p>God bruk av velferdsteknologi skal føre til at ein kan bruke ressursane meir effektivt på dei som treng det aller mest. Dette vil kunne bidra til at vi greier å auke omsorgskapasiteten i kommunane i åra som kjem.</p>

Prioriterte oppgåver	<ul style="list-style-type: none"> • Sette i verk prosessar i h.h.t. vedtatt nasjonal og lokal plan, i samhandling med kommunane • Arbeide spesielt med organisering og drift av <ul style="list-style-type: none"> – velferdsteknologi i tenestene som ein del av ein heilskapleg tenestemodell – der ein ser velferdsteknologi som ein del av den totale digitaliseringss prosessen i kommunane • Konferanse: Mi helse Målgruppe: Regionens innbyggjararar over 62 år. Målet med konferansen er å visa dei eldre innbyggjarane i regionen nyttige verktøy i eiga meistring av kvardagen, særleg knytt til helse. Hensikta er å gjera friske eldre kjent med moglegheiter dei kan ha nytte av i eigen kvardag Arrangør: Livsglede for eldre, HelseInn, Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule og Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal • Kompetanselyft <ul style="list-style-type: none"> – Etter- og vidareutdanning innan alders- og demenspsykiatri og velferdsteknologi – Velferdsteknologiens ABC, gjennomføre kurs for alle seks kommunane. Det blir også gjennomført lynkurs for leiarane i kommunane.
Ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • NTNU og andre FoU-aktørar • Nasjonalt velferdsteknologiprogram (KS, Direktoratet for e-helse og Helsedirektoratet). • Tekna • Norway health tech • Norwegian smart care cluster • HelseInn • Innlandet fylkeskommune • Statsforvaltaren i Innlandet • Private næringsaktørar • Regiondata • Kommuneadministrasjonane • Nord-Gudbrandsdal Vidaregåande skule • Karriere Oppland Gudbrandsdal • Sykehus Innlandet • USHT Innlandet • MedLearn • Lørn.Tech • Region Sør-Østerdalen • 12.1- samarbeidet • Livsglede for eldre • Fagskolen Innlandet
Løyving 2022	Anna finansiering

Flaumrespons	
Status	<p>Prosjektet har eigen prosjektleiar innleidd frå Skåppå AS. Prosjektet er eit før-kommersielt anskaffingsprosjekt, finansiert av Norges Forskningsråd. Prosjektet går over tre år, og skal etter planen ferdigstillast i 2022. Andre fase, utviklingsfasa, avsluttast i slutten av 2021. Siste fase, piloteringsfasa, går gjennom heile 2023.</p> <p><i>Prosjektregnskap P284</i></p>
Beskriving	<p>Prosjektet Flaumrespons skal utvikle ei løysing som legg til rette for meir detaljert flaumvarsling på lokalt nivå. På grunn av eit fuktigare og meir uføreseieleg klima, er flaum og naturkatastrofar eit aukande problem både nasjonalt og globalt. Meir ekstremvær fører til fleire ressurskrevjande og risikable situasjonar i mange norske kommunar, og resulterer i store kostnader, høg risiko og effektivitetstap for både det private og offentlege.</p> <p>Gjennom dette prosjektet ynskjer Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal å utvikle eit verkty som varslar flaum på eit meir lokalt nivå og tidlegare tidspunkt, samtidig som det gjer systemet mindre personavhengig enn i dag. Dette kan redusere risikoen for innbyggjarane, og gje store innsparinger for både det offentlege, innbyggjarane, forsikringsbransjen og private næringsdrivande.</p> <p>Dette prosjektet er ei før-kommersiell anskaffing. Vi er for tida i andre fase, der tre utvalde leverandørar utarbeider sine løysingar på problemet. Leverandørane har ulike tilnærmingar til problemstillinga, og vi vil, basert på deira leveranser, vurdere kva løysingar som best treff våre behov. Dei to leverandørane med best løysing får teste ein pilot av produktet i 2022, før prosjektet avsluttast.</p>
Målsetting	Utvikle ei løysing for varsling av flaum på lokalt nivå, som er enkel å bruke uavhengig av person, og som gjev kommunane moglegheit til å iverksette målretta beredskapstiltak før flaumen oppstår.
Prioriterte oppgåver	Følge framdriftsplan og ha god dialog med leverandørane for å få ei løysing som er tilpassa kommunane sitt behov.
Ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • Regionkontoret • Kommunedirektørutvalet • Prosjektgruppe frå kommunane • Skåppå AS • NTNU – prof. Oddbjørn Bruland • NVE • Sintef Energi • Skred AS • Pipelife AS • Norges Forskningsråd
Løyving 2022	Anna finansiering

Samarbeid med Gardsgründer	
Status	Vidareføre tilskot frå Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal.
Beskriving	<p>Gardsgründer er eit utviklingsprogram for gardbrukarar som ynskjer å vidareutvikle garden sin. Deltakarane får hjelp og rettleiing gjennom prosessen frå idé til produkt. Prosjektet inneheld følgjande deler:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Inspirasjonsseminar • Tre fellessamlingar • Individuell mentoropplæring <p>2021-2022 er siste år av eit treårig prosjekt.</p>
Målsetting	<ul style="list-style-type: none"> • Hjelpe gardbrukarar i utvikling av næringspotensialet på garden • Bidra til auka ressursutnytting og inntening i landbruket • Bidra til at fleire kan leve av garden sine ressursar • Auke nyskaping i landbruket samt leggje til rette for at idéar kan utviklast til ferdig produkt • Bidra til nettverksbygging innanfor landbruket
Prioriterte oppgåver	<ul style="list-style-type: none"> • Yte økonomisk stønad slik at Gardsgründer kan vidareførast i 2022 • Bidra til at Gardsgründer-satsinga følgjast opp og vidareutviklast i forhold til behov og strategiar • Programmet rekrutterer deltakarar i november 2021 og kurset blir gjennomført i januar-februar 2022
Ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • Tilskot frå Sparebank 1 Gudbrandsdal og Sparebank 1 Lom og Skjåk: Kr 20 000 per selskap • Tilskot frå regionråda i Gudbrandsdal: Kr 50 000 pr. region Tilskot frå Statsforvaltaren i Innlandet: Kr 200 000 • Eigenandel frå deltakarane: Kr 5000, til saman kr 40 000 • Støtte frå Næringshageprogrammet til SIVA: Kr 160 000
Løyving 2022	Inga ny løyving

Omstillingsprogrammet i Sel	
Status	I vedteken plan for omstillingsprogrammet i Sel, jfr. kommunestyrevedtak av 16. desember 2020, er det omtale av det regionale perspektivet.
Beskriving	<p>Det er Sel kommune som har omstillingsstatus. Innlandet fylkeskommune og Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal er svært opptatt av den betydning Sel med kommunesenteret Otta som regionsenter har for regionen. I omstillingsplanen heiter det mellom anna at utvikling av Sel må sjåast i eit regionalt perspektiv. Næringslivet i Sel vil over tid ha større effekt av at det blir utvikla nettverk, samhandling og samarbeidsrelasjonar i næringslivet i regionen. Med regionen meiner ein særleg Nord-Gudbrandsdal, men også andre regionale samarbeid må utviklast der det er føremålstenleg. Utviklingsarbeidet må omhandle breitt og ikkje nødvendigvis vera bransjespesifikt.</p> <p>Det skal gjennomgåande arbeidast med utvikling av innovasjons- og entreprenørskapskultur.</p> <p>Omstillingsplanen er for perioden 2021-2026.</p>
Målsetting	Omstillingsarbeidet i Sel skal bidra til å utvikle 210 arbeidsplassar.
Prioriterte oppgåver	For Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal blir det viktig å finne samhandlingsrutiner med omstillingsprogrammet.
Ressursar	Både administrative og politiske ressursar er aktuelle
Løyving 2022	Inga løyving

Gudbrandsdalstinget	
Status	Gudbrandsdalstinget er satt saman av politisk valde representantar for kommunane Dovre, Gausdal, Lesja, Lillehammer, Lom, Nord-Fron, Ringebu, Sel, Skjåk, Vågå og Øyer samt Innlandet fylkeskommune. Statsforvaltaren Innlandet har møte- og talerett. Det same gjeld fylkeskommunedirektør og kommunedirektørar. <i>Prosjektregnskap P278</i>
Beskriving	Gudbrandsdalstinget er organisert i to årlege møteplassar der ordførar, opposisjonsleiar og kommunedirektør møter. Det er også organisert med eit arbeidsutval. Regionkontora rullerer på å ha sekretariat for Gudbrandsdalstinget. For 2022 skal Midt-Gudbrandsdal ha ansvaret.
Målsetting	<ul style="list-style-type: none"> • Tinget er ein politisk arena som skal ta opp og fronte felles politiske saker og fungere som eit tydeleg talerøy for Gudbrandsdalen • Tinget skal utvikle ein felles politikk for viktige områder for Gudbrandsdalssamfunnet • Tinget skal fremje samarbeid og bidra til utvikling og verdiskaping i heile regionen
Prioriterte oppgåver	Å konkretisere målsetjingane gjennom aktiv bruk av styringsdokumenta.
Ressursar	Tidsressursar og direkte kostnadane til dette arbeidet må frigjevast frå eksisterande driftsressursar.
Løyving 2022	50 000

Nærings- og samfunnsmessig interessearbeid	
Status	Økonomisk reserve for å møte uføresette hendingar i saker der kommunane har behov for regional innsats. Politisk interessearbeid. <i>Prosjektregnskap P249</i>
Beskriving	Å ha handlingsrom til å kunne sette inn tiltak for å motverke negative samfunnsmessige konsekvensar. Finansiere delar av det politiske arbeidet i representantskapet og andre relevante fora og samarbeidsområde.
Målsetting	Vere førebudd til å sette i verk raske tiltak ved behov.
Prioriterte oppgåver	<ul style="list-style-type: none"> • Å kunne knyte til seg ekstern spisskompetanse som kan vere til hjelp i politiske prosessar • Politisk interessearbeid i regionen og i samhandling med Innlandet fylkeskommune • Politisk interessearbeid for å sikre og oppretthalde statleg tenesteproduksjon
Ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • Regionstyret • Representantskapet
Løyving 2022	100 000

Oppfølging av Hurdalsplattforma	
Status	Hurdalsplattforma er førande for statleg politikk fram mot 2025. Plattforma inneholder mange mål og tiltak i distriktpolitikken og i utvikling av statlege, fylkeskommunale og kommunale tenester som regionsamarbeidet må utnytte til det beste for kommunane, innbyggjarane og næringslivet i Nord-Gudbrandsdalen.
Beskriving	Plattforma opnar moglegheiter for å trekke statleg merksemd og statlege ressursar og arbeidsplassar til vår region. Regionrådet må avklare kva mål og tiltak i plattforma som skal prioriterast og på dette grunnlaget definere korleis ein skal organisere arbeidet for å få størst mogleg verknad for vår region.
Målsetting	Dei politiske ambisjonane i Hurdalsplattforma skal i størst mogleg grad bli synlege gjennom prosjekt, pilotering, etableringar og styrking av tilbodet i offentleg, privat og frivillig sektor i Nord-Gudbrandsdalen.
Aktuelle oppgåver	<ul style="list-style-type: none"> • Delta i utvikling av eit forenkla og meir tilgjengeleg og desentralisert verkemiddelapparat i samarbeid med m.a. Innovasjon Norge, Forskningsrådet, SIVA og Innlandet fylkeskommune • Etablere nasjonalt utdanningstilbod i Nord-Gudbrandsdalen for nasjonal godkjenningsordning for lokal- og regionguidar, turleiarar og fjellførarar • Bidra til kartlegging av mineralressursar i regionen • Arbeide for at eit nytt, nasjonalt senter for fjellandbruk blir lagt til vår region • Arbeide for å styrke Mattilsynet si avdeling på Otta • Utnytte auka ramme til Klimasats gjennom regionale tiltak og gje innspel til nye verkty for natur- og klimaarbeidet i kommunane • Foreslå nye tiltak og verkemiddel i samband med ny stortingsmelding om distriktpolitikk basert på Norman- og Brandtzæg-utvala, mellom anna personretta tiltak • Arbeide for at Nord-Gudbrandsdal blir pilot for bygdevekstavtaler • Arbeide for ytterlegare reduksjon i arbeidsgjevaravgifta i Nord-Gudbrandsdalen • Ta del i auka tilbod om desentralisert etter- og vidareutdanning. Utgreie etablering av campus i dialog med NTNU, HINN m. fl. i samarbeid med Innlandet fylkeskommune/Karriere Innlandet • Utvikle strategi for fleire statlege arbeidsplassar i Nord-Gudbrandsdal, mellom anna ved samlokalisering av statlege verksemder i eit “Statens Hus”

	<ul style="list-style-type: none"> • Lansere ein eller fleire kommunar som pilot for nærtetenestesenter • Foreslå at Nord-Gudbrandsdal blir pilot for ny bustadpolitikk, jfr. rekrutterings- og prøvebustader, unge i bustadmarknaden, eldrebustader mv • Arbeide for at frie innovasjonsmiddel for fornying i offentleg sektor blir prøvd ut i vår region • Lage regional plan for utbygging av ladestasjonar • Lansere Nord-Gudbrandsdalen som region for utprøving av nye modellar for kollektivtilbodet i kommunar med spreidd busetnad • Innføre ein Norges-modell med seriøsitetskrav for alle offentlege kjøp i våre kommunar • Gjennomføre eit heiltidsløft i 6K • Arbeide for at Hjerleid skole og handverkssenter blir eit nasjonalt senter for etter- og vidareutdanning av lærarar i praktiske og estetiske fag/eit nasjonalt senter for tradisjonshandverksfag • Samarbeide med Norsk Kulturarv/Norsk Smaksskule om evt. innføring av eit skalemåltid • Utgreie etablering av eit nasjonalt senter for digital ungdomshelse i samarbeid med fylkeskommunen og Sykehuset Innlandet • Retablere døgntilbodet ved Bredebygden DPS som ledd i regjeringa si auka satsing innan psykisk helsevern, der det m.a. er eit mål å auke talet på døgnpllassar • Delta i det nasjonale programmet for rusførebygging blant barn og unge • Følgje opp regjeringa sine tiltak for å sikre rekruttering av sjukepleiarar til særleg rekrutteringssvake distriktskommunar • Vidareføre spreiing av velferdsteknologi opp mot ny regjering si satsing
Ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • Innlandet fylkeskommune • Gudbrandsdalstinget • Opplandsbenken på Stortinget • Statsforvaltaren • KS • NHO • LO • Destinasjonsselskapa i reiselivet • Norges Geologiske Undersøkelse - NGU • Husbanken • Distriktscenteret • Norsk Elbilforening

	<ul style="list-style-type: none"> • Hjerleid skole og handverkssenter • Norsk Kulturarv • Sykehuset Innlandet • HINN • NTNU
Løyving 2022	Løyvingar avklarast i samband med kvart einskild prosjekt/initiativ

I behandlinga i Representantskapet 10.12. der innspel frå Sel kommune vart framlagt og vedteke som ein del av handlingsplanen, vart følgjande formulering vedteke:

Etablere ein akuttbil tilknytta NGLMS, legevakta, i samarbeid med Sykehuset Innlandet, med det formål å styrke akuttberedskapen i heile regionen. Ei slik etablering skal ikkje gå på bekostning av etablert ambulansestruktur i Nord-Gudbrandsdal, og skal i hovudsak vera statleg finansiert.

Økonomisk støtte til prioriterte arrangement	
Status	Vidareføring av årleg rammeløyving.
Beskriving	Kulturnæringane har potensial for vekst. Løyvingar skal øyremerkjast kultur- og naturbaserte arrangement i kommunane. Arrangementa skal ha økonomiske ringverknader, utviklingspotensial og profilere regionen på ein god måte.
Målsetting	Styrke næringspotensialet i denne type arrangement. Medverke til å gje innbyggjarar og tilreisande gode opplevingar. Stimulere til aktivitetar med eit langsiktig perspektiv.
Prioriterte oppgåver	Det skal leggjast særleg vekt på å styrke vinklinga mot ein næringsmessig utvikling av dei ulike arrangementa. Fordеле middel etter søknad om støtte til kultur- og naturbaserte arrangement. Evaluere ordninga.
Ressursar	Dagleg leiar får fullmakt til å fordele rammeløyvinga etter innstilling frå 6K Næring. Løyvingane frå 2021, som arrangør har søkt om utsetting for på grunn av Covid19, er gjeldande for 2022. Totalramma utgjer 600 000 inklusiv 100 000 overført frå 2021.
Løyving 2022	500 000

Satsingsområde 2 – KOMMUNIKASJON OG INFRASTRUKTUR

Strategiar:

Påverknadsarbeid for å sikre fullføring av E6-utbygginga, og prioritering av hovedferdsleårene E6, Rv15 og E136, samt Dovrebanen og Raumabanen.

Politisk og strategisk påverknadsarbeid for å sikre at vår region får sin forholdsmessige andel av utbettingsmiddel til fylkesvegnettet.

Betre kollektivtilbod for reisande med tog og buss.

Arbeide for å få flyplass for el-fly og drone i Nord-Gudbrandsdal

Sluttføre arbeidet med fiberutbygginga.

Styrke den sivile beredskapen gjennom teknologiutviklingsprosjektet Flaumrespons.

Nasjonal Transportplan 2022-2033

Status	NTP vart vedteke i Stortinget i juni 2021. Trafikketatane følgjer opp NTP gjennom vedtak av eigne handlingsprogram. Stortingsmeldinga om Nasjonal transportplan 2022–2033 er ein plan for korleis ein dei neste tolv åra skal arbeide i retning av det overordna målet for transportsektoren: Eit effektivt, miljøvennleg og trygt transportsystem i 2050. Transportplanen gjev rammene for utviklinga av transportsystemet og tilbodet i tolvårsperioda med spesiell vekt på prioriteringar dei første seks åra. Ny rullering av NTP i 2025. <i>Prosjektregnskap P165</i>
Beskriving	Samferdselutvalet er eit rådgjevende organ for Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal, og er aktive pådrivarar for eit politisk fokus på samferdsel i regionen og i Gudbrandsdalen.
Målsetting	Målet med Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal sitt engasjement med tanke på NTP, er å gje vår region sine interesser størst mogleg gjennomslag i Innlandet fylkeskommune, som er formell høyringspart, samt å styrke det regionale engasjementet rundt samferdselspørsmål.
Prioriterte oppgåver	Politisk påverknadsarbeid mot Stortinget si handsaming av neste NTP i juni 2025. Legge til rette for politisk påverknadsarbeid ved aktiv deltaking i samferdselfora.
Ressursar	Samferdselutvalet
Løyving 2022	150 000

Innspel som synleggjer våre prioriteringar til Innlandet fylkeskommune/Fylkesvegprogrammet og mobilitet

Status	Fylkestinget vedtekk 4-årige handlingsprogram for drift, vedlikehald og investeringar for fylkesvegnettet i Innlandet. Handlingsprogrammet for 2022-25 (-27) vart vedteke av fylkestinget i oktober 2021. Løyvingar til fylkesvegar vert endeleg fastsett av fylkestinget i samband med den årlege behandlinga av fylkesbudsjettet.
Beskriving	God infrastruktur er ein føresetnad for busetting og arbeidsliv i heile Innlandet, og det er difor viktig å sikre at både veg og bane er godt framkomelege. Klimaendringar skapar utfordringar for infrastrukturen i fylket, der mellom anna flaum og skred påverkar drift, vedlikehald og beredskap. Det er behov for betydelege investeringar for å skape et meir robust fylkesvegnett som er rusta for framtida.
Målsetting	Sikre at vår region får sin forholdsmessige del av utbettingsmiddel til fylkesvegnettet.
Prioriterte oppgåver	Fylkeskommunen har ein årleg gjennomgang av tiltaka i programmet parallelt med arbeidet med fylkesbudsjettet for det komande året. Medlemmane i Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal bør vera pådrivarar for at kommunane som formell høyringspart er aktive i denne prosessen.
Ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • Samferdselutvalet • Kommunane
Løyving 2022	Inga løyving

El-fly og drone	
Status	<p>IPR Nord-Gudbrandsdal gjorde følgjande vedtak i møte 01.10.21 Regionrådet v/representantskapet gjev dagleg leiar mynde til å inngå avtale med ekstern prosjektleiar for å gjennomføre fase 1 i arbeidet med elfly.</p> <p>Styringsgruppe for arbeidet er regionstyret. Samferdsleutvalet er prosjektgruppe. Dagleg leiar er prosjektansvarleg.</p> <p>Arbeidet blir finansiert av tidlegare løvvde middel til næringsutvikling (prosjekt 206 i rekneskapen), inntil kr 100.000.</p> <p>Arbeidet blir igangsett 1. oktober 2021.</p> <p>Utgreiing av auka bruk av drone-teknologi blir eit delprosjekt under Universitetsregion Nord-Gudbrandsdal utan behov for ei eiga løyving i ei innleiande fase. <i>Prosjektregnskap P288</i></p>
Beskriving	<p>Nord-Gudbrandsdal er den regionen i landet med størst avstand til nærmeste fast trafikkerte flyplass. Dette gjer at reisetid til/frå viktige destinasjonar er lang. Flysamband til utvalde destinasjonar vil redusere reisetida, vera positivt for besøksnæringane, næringslivet generelt og den enkelte innbyggjar, og bidra til positiv utvikling i regionen.</p> <p>Det har vore krevjande å få etablert ein flyplass og ynskte flysamband. Høge investerings- og faste driftskostnader, målt opp mot sannsynleg trafikkvolum, verker å være hovudårsaka.</p> <p>Teknologiskiftet med innfasing av el-fly kan bli ein viktig drivar for å redusere kostnader i luftfarten. Dette vil gjere ei etablering av flyplass og flysamband i Nord-Gudbrandsdalen meir realistisk enn tidlegare.</p> <p>Om drone: Vidare arbeid med bruk av drone-teknologi skiljast ut som eit eige prosjekt organisert under Universitetsregion Nord-Gudbrandsdal. Droner er tatt i bruk, og krav til infrastruktur, marknad mm er ulik flytrafikk. Vidare innsats med å leggje til rette for bruk av droner vil difor i første omgang innebere ei kartlegging av eksisterande kompetanse, interesse og bruk i kommunane og næringslivet i Nord-Gudbrandsdalen. I tillegg må ein kartlegge og etablere dialog med relevante aktørar utanfor regionen som t.d. Sykehuset Innlandet og NTNU Gjøvik.</p>
Målsetting	Leggje grunnlag for el-flytrafikk i regionen når dette blir teknisk, marknadsmessig og juridisk mogleg.
Prioriterte oppgåver	Etablere eit kunnskapsgrunnlag for arbeidet ved etablering av eit prosjekt.
Ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • Green Flyway • Kommunane • Fylkeskommunen • Ekstern rådgjevar • Innlandet droneberedskap
Løyving 2022	190 000

Breiband – teknologisk infrastruktur

Status	<p>Bidrag frå Nkom har vorte betydeleg redusert dei siste åra. Regionen har framleis utfordringar med dårleg dekning både for privatmarkedet og næringslivet sjølv om store delar av regionen no er utbygd eller er under utbygging. Dette krev framleis at regionen må ha ei satsing gjennom ein prosjektorganisasjon for vidare utbygging av breiband.</p> <p><i>Prosjektregnskap P276</i></p>
Beskriving	<ul style="list-style-type: none"> • Vidareføre eit regionalt prosjekt som skal sikre at finansierte og pågåande prosjekt blir sikra gjennomføring. Ved tildeling av middel, følge opp løvningar med anbodsutlysing og kontraktskriving med aktuell utbygger • Følge opp utbyggingskontrakt gjennom utbyggingsperioden • Sjå på alternative løysingar for god kommunikasjon (via mobilmaster) der fiber ikkje er mogleg • WIFI-soner i kommunal regi <p>Prosjektet skal omfatte:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kartlegging av status for breibandsutbygging i Nord-Gudbrandsdal - Masterplan for utbygging • Kva er utbygd? • Kva slags utbyggingsplanar ligg føre? • Kva er behovet? • Kva er realistisk å få utbygd? • Kontraktskriving med aktuell utbyggjar • Oppfølging av framdrift i det einskilde byggeprosjektet • Rapportering av prosjektet
Målsetting	<p>Gje alle innbyggjarane og næringslivet i Nord-Gudbrandsdalen tilgang til neste generasjons aksessnett (NGA – høgkapasitets-nett, med 100 Mbit hastighet)</p> <p>Den infrastrukturen som er i dag må sikrast. Det er viktig å få dei enkelte aktørane til å samarbeide, og viktig å sikre redundantordningar.</p>
Prioriterte oppgåver	Vidareføre eit regionalt prosjekt ved kjøp av ekstern rådgjeving.
Ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • Kraftselskapa • Kommunane • Innlandet fylkeskommune • Utbyggingsselskap • Ekstern rådgjevar
Løyving 2022	Inga ny løyving

Satsingsområde 3 – ATTRAKTIVITET

Strategiar:

Arbeide for å bremse folketalsnedgangen ved å utvikle innsatsområde i samarbeid med kommunane.

Trekke til seg og inkludere nye innbyggjarar, samt å ha fokus på å behalde eksisterande innbyggjarar.

Legge til rette for og skape felles arena for ungdom i prosjekt på tvers av kommunegrenser

Legge til rette for profilering av nasjonalparkregionen Nord-Gudbrandsdal.

Arbeide for å betre utdanningstilbodet i regionen.

Vidareutvikle Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule sine avdelingar på Dovre, Otta og i Lom.

Nærleik til gode offentlege tenester i heile Nord-Gudbrandsdalen.

Arbeid og bustad	
Status	<p>Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal arbeider for å skape eit godt omdøme for regionen, og trekke til seg fleire innbyggjarar og arbeidsplassar. Tilflyttararbeidet er samla under komtiloss.no. <i>Prosjektregrnskap P277</i></p>
Beskriving	<p>Gjennom «Kom til oss» arbeider vi for å gjere Nord-Gudbrandsdal meir tydeleg som tilflyttingsregion, m.a. gjennom synlegheit i sosiale medie, nettside, nyheitsbrev og omtale i media.</p> <p>Planlagte tiltak:</p> <p>Boligtorget Nord-Gudbrandsdal Boligtorget blir vidareført som ei lågterskel plattform/eit forum for formidling av eigedom. Her kan dei som ønskjer å selje eller leige ut ein bustad, og dei som er på utkikk etter ein stad å bu, enkelt kome i kontakt med kvarandre.</p> <p>Nettverk for tilflyttaransvarlege Nettverk for tilflyttaransvarlege i kommunane, 6k tilflyttaransvarlege, blir vidareført i 2022. Dette er viktig for eit einskapleg og langsiktig tilflyttingsarbeid i regionen.</p> <p>Fløtte heimatt Flytte-heim-kampanje retta mot utflytta dølar. Ordninga vert vidareført og evaluert i samarbeid med Heidal Framtidslag.</p> <p>Stillingsleppet og Lærlingsleppet 2022 Ei fast, årleg fellesutlysing av ledige stillingar i regionen. Stillingsleppet 2022 blir 10. februar 2022, og vert sett i samanheng med arbeidslivsdag og jobbmesse. Arbeidsgjevarar får publisert sine stillingsannonser kostnadsfritt på Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal si plattform. Det etablerast ei side for lærlingplassar slik at det blir eit eige lærlingplass-slepp.</p> <p>Prøvebo-konsept med minihus Bidra til å realisere at Nord-Gudbrandsdal får minihusprosjekt og vert ein foregangsregion for å tiltrekke seg gründerar/bedriftseigarar og tilflyttarar med staduavhengige arbeidsplassar (fjernarbeidsplassar) som bidrar positivt til folketalsutvikling og næringsutvikling.</p>
Målsetting	<ul style="list-style-type: none"> • Trekke til seg og behalde fleire innbyggjarar i Nord-Gudbrandsdal • Bidra til at bedrifter og kommunale verksemder får auka marknadsføring/merksemnd rundt sine stillingar, og dermed fleire søkerar. Synleggjere mangfaldet i arbeidslivet i Nord-

	<p>Gudbrandsdal. Danne nettverk mellom bedrifter som er prega av samarbeid og tillit og kan auke konkurransekrafta</p> <ul style="list-style-type: none"> • 500 ledige stillingar + lærlingplassar i Stillingsleppet 2022
Prioriterte oppgåver	<ul style="list-style-type: none"> • Vere eit bindeledd mellom seljarar og kjøparar av fast eigedom, og kommunane • Formidle, marknadsføre og bli meir synleg ved m.a. å halde heimesida www.komtiloss.no oppdatert, utnytte eksisterande infrastruktur (t.d. "Stolpejakten" og informasjonspunkt om nasjonalparkane) til informasjon, sende ut nyheitsbrev og klargjere nettsida for registrering og publisering av ledige stillingar. • Skape merksemeld og engasjement rundt «Stillingsleppet» og «Lærlingsleppet», og sikre at mange bedrifter registrerer sine ledige stillingar • Initiere/samkjøre velkomstpakker til nye innbyggjarar • Nyheitsbrev • Direkte kontakt og oppfølging av potensielle heimflyttarar. • Samarbeide/koordinere informasjon om tilflyttitarbeidet til kommunalt tilsette • Halde møter for tilflyttarar og nye innbyggjarar 1-2 gonger i året
Ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • Tilflyttaransvarlege i kommunane • NAV, Opplæringskontoret for fleire fag, NGVGS • Næringslivet i regionen • Kjøp av ekstern kompetanse/tenester
Løyving 2022	800 000

Kjøp av tenester til profilering	
Status	Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal treng ekstern kompetanse til profilering og marknadsføring til tiltak som ligg under "Attraktivitet".
Beskriving	Profilering og marknadsføring spesielt med tanke på Stillings- og lærlingsleppet 2022.
Målsetting	Ha ein profesjonell profil og ei god, digital marknadsføring for å nå ut til eit breitt publikum.
Prioriterte oppgåver	Kjøp av tenester innan digital marknadsføring
Ressursar	Fortrinnsvis lokale aktørar som kan levere eit godt, digitalt produkt til profilering og marknadsføring
Løyving 2021	120 000

Ung i Nasjonalparkriket	
Status	Vidareføring. <i>Prosjektregnskap P233</i>
Beskriving	Ung i Nasjonalparkriket er ungdomssatsinga i IPR Nord-Gudbrandsdal. Nord-Gudbrandsdal er den regionen som har størst folketalsnedgang og det er viktig å ta ungdom inn i prosjekt som inspirerer til å bli aktive samfunnssdeltakarar, tenke nytt og skape verdiar.
Målsetting	Auke attraktiviteten gjennom m.a. å gjere det betre å bu, leve, arbeide og utdanne seg i Nord-Gudbrandsdal. Skape ein identitet, gjere ungdom stolte av regionen. Skape trygge arenaer der ungdom kan vise sine kreative evner, få inspirasjon av andre, og inspirere til innovasjon og gründerskapstanke.
Prioriterte oppgåver	<p>Elevbedriftsmesse</p> <p>Elevbedriftsmessa er for elevar på 9. trinn frå heile Nord-Gudbrandsdal, og har tidlegare vore arrangert saman med Kokkekamp. Frå og med 2022 blir elevbedriftsmessa eige tiltak. Skulane arbeider med elevbedriftene sine frå nytt skuleår startar til messa som skal vere i Otta kulturhus den 28.04. Det blir sett ned fleire juryar. Dei som blir kåra til beste elevbedrift, får tilbod om å reise til fylkesmeisterskapen på Hamar i mai. Dette er eit samarbeid med Ungt Entreprenørskap Innlandet.</p> <p>Kokkekamp</p> <p>Kokkekamp blir eit sjølvstendig arrangement frå og med 2022. Ein ynskjer å inkludera reiselivet for å få eit større fokus på mat og reiseliv i Nord-Gudbrandsdal. Oppgåva skal vere at elevane skal lage ein draumedag i kommunen sin. Dei skal lage eit opplegg for ein familie, frå fredag kveld til søndag formiddag. Dette skal innehalde overnatting, mat og aktivitetar. Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule har ei sentral rolle i arrangementet. Målet skal vera å skape interesse for mat og matlaging, auke kunnskapen om lokalmat og lokale produsentar. Gjera elevane bevisste på eigen kommune som reiselivsmål, og auke rekruttering til utdanningane restaurant og matfag. Prosjektleiinga er lagt til Lærlingkontoret Gudbrandsdalen.</p> <p>"E æ aktiv, æ du?"</p> <p>Det er eit fritidstilbod for barn og ungdom med spesielle behov i Nord-Gudbrandsdal der dei kan få aktivitetar som er tilrettelagte. Prosjektet vart starta opp i 2013 i eit samarbeid med kommunane og stillingsressursen som idretts- og fysakkoordinator som regionrådet hadde den gongen. Det blir arrangert aktivitetsdagar i alle kommunane og etablert eit langsigkt, inkluderande og forutsigbart tilbod. Arbeidet blir organisert gjennom ei prosjektgruppe med representantar frå alle 6 kommunane med kommunefysioterapeut/helseesyster og foreldrepräsentantar. Familiane</p>

	<p>som deltek betaler ein eigenandel pr. aktivitetsdag. Det har vore gjennomført 6-8 aktivitetsdagar i året tilrettelagt for barn og ungdom opp til 26 år. Aktivitetdagane har vore arrangert i helga, med ein hovudaktivitet, servering og sosialt samvær. Det har også vore lagt til rette for at sysken kan vera med, og det har også vorte ein viktig møteplass for foreldre. Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal innstiller på å støtte prosjektet i 2022. Tiltaka i handlingsplan blir vurdert i forbindelse med behandling av handlingsplanen og budsjett kvart år.</p> <p>Tiltak mot RUS</p> <p>Arrangement for ungdom og foreldre, lærarar og andre som arbeider med ungdom. Arrangementet skal sette fokus på skadeverknader og konsekvensar i eit førebyggjande perspektiv, og det skal være kunnskapsbasert. Konseptet blir utarbeidd i tett samarbeid med kommunane. Arbeidet med arrangementet startar våren 2022 og gjennomføringa skjer hausten 2022.</p> <p>Ung Kultur Møtes (UKM)</p> <p>UKM har eigen styringsgruppe og arbeidsgruppe satt saman av personressursar frå alle seks kommunane. Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal støtter tiltaket med økonomisk bidrag.</p> <p>Generelt</p> <p>Støtte kommunane ved å styrke eksisterande ungdomstiltak og støtte nye tiltak som er i tråd med Innlandet fylkeskommune og Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal sine strategiar.</p> <p>Vere eit bindeledd mellom fylkeskommunen/regionråd/kommunane i saker som er aktuelle for ungdom.</p>																			
Ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • Ungdomsmedarbeidarane/ungdomsrådssekretærane/ruskoordinator • Innlandet Fylkeskommune • Ugt Entreprenørskap Innlandet • Politi • Lærlingkontoret Gudbrandsdalen • Gudbrandsdalsmat • Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule • Ungdomskulane i regionen 																			
Løyving 2022	<table> <tr> <td>550 000, fordelt slik:</td> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td>Ung i Nasjonalparkriket</td> <td>250 000</td> <td><i>Prosjektrengnskap P233</i></td> </tr> <tr> <td>Elevbedriftsmesse</td> <td>150 000</td> <td><i>Prosjektrengnskap P285</i></td> </tr> <tr> <td>Kokkekamp</td> <td></td> <td>Anna finansiering</td> </tr> <tr> <td>Tiltak mot RUS</td> <td>150 000</td> <td></td> </tr> <tr> <td>"E æ aktiv, æ du?"</td> <td></td> <td></td> </tr> </table>	550 000, fordelt slik:				Ung i Nasjonalparkriket	250 000	<i>Prosjektrengnskap P233</i>	Elevbedriftsmesse	150 000	<i>Prosjektrengnskap P285</i>	Kokkekamp		Anna finansiering	Tiltak mot RUS	150 000		"E æ aktiv, æ du?"		
550 000, fordelt slik:																				
Ung i Nasjonalparkriket	250 000	<i>Prosjektrengnskap P233</i>																		
Elevbedriftsmesse	150 000	<i>Prosjektrengnskap P285</i>																		
Kokkekamp		Anna finansiering																		
Tiltak mot RUS	150 000																			
"E æ aktiv, æ du?"																				

Ungdomsmusikalens Nord-Gudbrandsdal	
Status	Vidareføring. <i>Prosjektregnskap P280</i>
Beskriving	<p>Ungdomsmusikalens blir arrangert annakvart år og utgjer ein personalressurs på 40 %.</p> <p>Musikalprosjektet "Rock of Ages" som vart starta opp i 2019 vart stoppa av Covid 19 rett framfor premiera i 2020. Forsøket på å ta opp att arbeidet vart stoppa av same grunn.</p> <p>På tredje forsøk med påmeldingsfrist hausten 2021 vart det ikkje nok påmeldte til å kunne gjennomføre Rock of Ages. Difor vart det gjort eit val om å endre noko på konseptet for å kunne lage eit tiltak for dei ungdomane som var påmeldte.</p>
Målsetting	<p>Skape trygge arenaer for ungdom der dei kan få vise kreativiteten og talenta sine, og jobbe med eit prosjekt over tid. Auke attraktiviteten gjennom mellom anna å gjere det betre å bo, leve, arbeide og utdanne seg i Nord-Gudbrandsdal. Skape ein identitet, gjere ungdom stolte av regionen. Tiltaka i Ungdomsmusikalens i Nord-Gudbrandsdal skal framleis vere ei merkevare som har verdi for heile regionen.</p>
Prioriterte oppgåver	<p>Gjennomføre " Alt oss ROCK" i Nord-Gudbrandsdal.</p> <p>"Alt oss ROCK" blir ein konsertversjon og vil innehalde oppgaver både for dei som meldt seg på song, dans, kor, lyd- og lysteknikk, sminke. Øvetida blir i perioda januar – april. Tiltaket skal gjennomførast etter ungdomsmusikalane sine eigne verdiar og målsetnader.</p> <p>Premiera er den 25.03. med til saman 8 framsyningar i Otta kulturhus. I planane ligg det også ei framsyning i Maihaugsalen på Lillehammer den 03.04.</p> <p>I etterkant skal konseptet evaluerast.</p>
Ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • Eksterne sponsorar • Sparebankstiftelsen • Instruktørar til ungdomane • Kommunane
Løyving 2022	300 000

Medlemskap i nettverk	
Status	Betale deltaking i: Fjellnettverket, Ungt Entreprenørskap og HelseInn
Beskriving	<p>Fjellnettverket Eit politisk nettverk for fjellområda i Sør- og Midt-Norge. Fjellnettverket er eit politisk nettverk, og er ikkje eit eige rettssubjekt. Fjellnettverket arbeider for levande og livskraftige bygder i fjellområda. Fjellnettverket er pådrivar for ein politikk som sikrar at ressursar og verdiar i fjellområda gjev grunnlag for utvikling og trivnad i fjellbygdene.</p> <p>Ungt Entreprenørskap Ein ideell, landsomfattande organisasjon som saman med utdanningssystemet, næringslivet og andre aktørar arbeider for å utvikle barn og unge sin kreativitet, skape glede og tru på seg sjølve. Organisasjonen er ein brubyggjar mellom skule og arbeidsliv. Gjennom denne avtala ønskjer Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal å fremje kreativitet og entreprenørskap i skulen og at UE sine program blir brukt av kommunane.</p> <p>Program som avtala omfattar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vårt lokalsamfunn, 4. trinn • Smart, 5. trinn • Økonomi og karriereval, 9.trinn • Elevbedrift, 9. trinn <p>HelseInn HelseInn er ei helseklyngje for samhandling og innovasjon mellom offentleg, privat og frivillig sektor. Saman med medlemsbedriftene arbeider HelseInn for eit betre folkehelsetilbod og smartare helsetilbod for innbyggjarane. HelseInn er organisert som ei ideell foreining. HelseInn med sitt nettverk er ein viktig bidragsytar i regionalt innovasjon- og forskingsarbeid. Medlemskapet skal finansierast med internoverføring frå prosjekta Velferdsteknologi og Universitetsregionen samt partnerskapsmidlar.</p>
Målsetting	Sikre at regionen har aktiv tilgang til nettverka over
Prioriterte oppgåver	<ul style="list-style-type: none"> • Politisk deltaking i Fjellnettverket • Sikre eit godt utdanningstilbod for innbyggjarane innan livslang læring • Motivere grunnskulane i regionen til å bruke tilbodet frå Ungt Entreprenørskap • Nyte HelseInn si kompetanse i utvikling og gjennomføring av prosjekter
Ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • Politikarar • Grunnskulane og NGVGS
Løyving 2022	240 000

